

Kristi-jentene frå Lars-garden på Ulla

Av Olav Alme – mars 2026

«Ho Kristi va so pene, at ho kunne stå på butikk i Bya»

HER ER LITT OM ALLE KRISTI-JENTENE FRÅ LARSGARDEN,
ULLA.

Det var berre to av 6 Kristi, frå Larsgarden, som levde opp. Den fyrste i rekka kom frå Longva og gifte seg i 1845 med Hans. Frå då av skulle visst tausene helst heite Kristi, og gutane Karl. Sjøl lydde ho døypenamne Kristi Karlsdotter.

Hans Sivert Pederson Ulla (1821-1902) Gift i 1845 med Kristi Karlsdt. f. Longva (1825-1889)
6 barn, derav 3 som heitte Kristi, eller rettare : Kristine:
Alle tre døde som små barn.
3. Kristine Hansdt. Ulla (1853-1856)
4. Kristine Petrine Hansdt. Ulla (1857-1863)
5. Kristine Petrine Hansdt. Ulla (1864-1876)

Karl Johan Hansson Ulla (1849-1927)
Gift i 1873 med Ingeborg Guttormsd. Ulla (1846-1923)
2 barn som heitte Kristi eller Kristine. Berre den siste Kristi fekk leve opp, og vart eit levande eksempel på eit mirakel, eller kanskje Placebo- mirakel.
1. Kristine Petrine Karlsdt. Ulla (1874-1877) som døydde knapt 3 år gammal
5. Kristi Karlsdt. Aakre f. Ulla (1882-1959) gift med Elias Rasmusson Aakre

Den siste KRISTI, var vel den det blir referert til, når det skal fortellast om hjelparane han Olaus Alme måtte mobilisere, for å kome på skothald til den nesten uoppnåelige eldstedøtra i syskjenflokken på Larsgarden, Gurine. Kristi var so pen at «ho kunne stå på butikk i bya», og det gjorde ho. Ho opplevde bybrannen i 1904, og var mellom dei som måtte røme innover Borgundvegen, mens byen vart lagt i oske bak dei.

Då dei 6 barna hennar var små, i 1924, vart ho sjuk av magekreft, og etter ein operasjon i Molde vart ho sendt heim med beskjed om at sjukdommen var uhelbredeleg. Ho levde imidlertid vidare i beste velgående, til ho blei 76 år i 1959.

Mirakelmedisinen var eit hemmeleg avkok av kaktus, rekvirert og injisert i blodet av norskamerikaneren Homeopat Olav Farstad. Saka vekte stor oppsikt, og blei til og med behandla i stortinget, fordi det var kvakksalveri.

Bildet: Kristi og Gurine

